

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 18.09.2023
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per august 2023**

ARKIVSAK: 2023/157
STYRESAK: **092/23**

STYREMØTE: **04.10.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. august 2023 til etterretning.

1. Kva saka gjeld

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 31. august 2023.

2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

Målekort

(Tal for pakkeforløp kreft er ikkje publisert per august, sykefravær og bemanning i målekortet er per juli)

Målekort Helse Vest - august		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	72	50		65	50	
	Ventetid - PHV	40	61	40		49	40	
	Ventetid - BUP	35	68	35		57	35	
	Ventetid - TSB	30	33	30		33	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			14,2%			14,0%		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk			1,3%			1,4%		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 314	13 511	-1,5%	108 212	107 131	1,0%
	Dagopphold		5 119	4 967	3,1%	42 671	42 422	0,6%
	Poliklinikk		114 958	110 742	3,8%	934 017	864 537	8,0%
Psykatri	Døgnopphold		830	796	4,3%	6 461	6 727	-4,0%
	Dagopphold		91	136	-33,1%	685	658	4,1%
	Poliklinikk		35 711	38 527	-7,3%	302 817	317 703	-4,7%
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		151	118	28,0%	1 152	935	23,2%
	Dagopphold		6	1	500,0%	27	11	145,5%
	Poliklinikk		6 967	7 398	-5,8%	54 575	58 563	-6,8%
Bemanning	Brutto månedsværk		25 544	25 129	1,7%	25 142	24 696	1,8%
	Sykefravær	5,5%	8,7%	9,5%		8,5%	9,0%	
Økonomi	Resultat		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
			30 465	48 723	-18 258	84 361	409 945	-325 584

Ventetider og fristbrot

Som forventta har ventetidene stege i august for alle dei fire fagområda. Samanlikna med 2022 ser ein liten nedgang. Den gjennomsnittlege ventetida for fagområda samla var 69 dagar i august, og høgare enn den nasjonale målsettinga om 50 dagar. Pasientane som framleis stod på venteliste ved utgangen av månaden hadde ei ventetid på 76 dagar.

For dei somatiske fagområda var den samla ventetida for behandla pasientar på om lag 71 dagar i august og den gjennomsnittlege ventetida var godt over 60 dagar i alle dei fire helseføretaka.

Den regionale målsettinga er at ventetida innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) skal være under 40 dagar i gjennomsnitt. I august 2023 var den gjennomsnittlege ventetida i helseføretaka på 61 dagar.

Ventetida innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var 68 dagar i august, noko som også er godt over målsettinga om 35 dagar i gjennomsnitt. Til samanlikning er årets tall for 2023 uendra frå 2022.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var samla ventetid for helseføretaka 33 dagar i august, noko som og er utanfor det regionale målet på 30 dagar. Samtidig ein forbetring frå 2022.

Prosentdelen fristbrot for dei som har starta helsehjelpa samla sett er framleis høg i august (10,2 %), dette viser ei auking frå juni/ juli og er mykje uendra frå same tid i 2022.

Prosentdelen ventande med fristbrot ved utgongen av august var og tilsvarande høg som i 2022 (8,9 % totalt). Andel fristbrot for pasientar på venteliste ved utgongen av august månad var 9,2% for somatikk, 5,2% for BUP, 1,7% for PHV og 5,3% for TSB; også desse tala mykje uendra frå august 2022.


Kreftbehandling

I rapporten frå verksemda for juli blei det orientert om at Helsedirektoratet ikkje lenger publiserer resultat på si nettside som kan nyttast i verksemdsrapportane i Helse Vest. Helse Vest samarbeider nå med dei andre regionane med å få tilgang til data som gjer at vi kan framstille resultat som før i vår egen interne rapport. Det er og oppdaga feil i dei tala som er publisert og dei er nå trekt tilbake. Det blir derfor ikkje lagt fram tal i denne rapporten.

Det er likevel grunn til å tru at det har vore negativ utvikling i måloppnåing for pakkeforløpa i regionen. Saken har vore drøfta i regionalt fagdirektørmøte og Helse Vest vil følgje dette opp vidare.

Aktivitet

Samla er det ein auke i aktivitet frå juni og juli. Figuren nedanfor viser utviklinga i tal sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar innan somatikk. Samla var aktivitetsnivået høgare i august 2023 enn i same månad i 2019 og 2022.



Somatikk

Talet på døgnopphald per august var 1,7 % lågare enn til same tid i 2019. Talet på dagopphald per august var 0,5 % høgare enn per august 2019. Målt mot same tid i fjor har det vore 1,0 % fleire døgnopphald og 0,6 % fleire dagopphald per august 2023.

Tal polikliniske konsultasjonar var høgare per august 2023 enn på same tid i 2019 og 2022, høvesvis 17 % og 8 %. Den store auken i tal polikliniske konsultasjonar sidan 2019 kan delvis forklarast med at tal døgnopphald ikkje har auka sidan 2019. Det er ei ønska utvikling.

Psykisk helsevern

Innan psykisk helsevern for vaksne var poliklinisk aktivitet per august 2 % lågare enn i 2019 og 0,8 % lågare enn i 2022.

Barn og unge med psykiske lidningar blir i all hovudsak behandla poliklinisk. Hittil per august var den polikliniske aktiviteten 2,2 % høgare enn i 2019, og 10,1 % lågare enn på same tid i 2022.

TSB


Per august er den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka 19,2 % lågare enn i 2019 og 6,8 % lågare enn i 2022. Den store endringa skuldast omlegging i kodepraksis for konsultasjonar.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd når ein samanliknar den polikliniske aktivitetsveksten innan psykisk helsevern og TSB mot aktivitetsveksten innan somatikk mellom 2. tertial 2023 og 2019. Det skuldast mellom anna mangel på legespesialistar og spesialistar i klinisk psykologi i desse sektorane.


Sjukefråvær

Utvikling sjukefråværsprosent over tid

Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var 6,29 % for august 2023. I august 2019 var samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest 6,25 %. Samla sjukefråvær august 2023 er 0,04 prosentpoeng høgare enn i august 2019.



Trend for dei fire helseføretaka med pasientbehandling viser at gjennomsnittleg sjukefråværsprosent er 1,1 prosentpoeng høgare hittil i år per august 2023 samanlikna med hittil i år august 2019:



Gjennomsnittleg sjukefråvær vil vere høgare enn talet for månaden som heilskap.

HMS/kvalitet

Det er meldt 6 652 saker for HMS området hittil per august 2023. Tal avslutta saker hittil per august er 5 210. Ikkje alle saker som er meldt er endeleg kategorisert. Hittil per august 2023 er 6 484 saker klassifisert "hendelsestype" HMS.

Av dei 6 482 sakene som var kategorisert til HMS området, er 1 910 kategorisert psykososialt arbeidsmiljø. Dei fleste er fordelt slik: 276 truslar om vald, 164 truslar om drap, 191 slag og 175 anna vald og truslar mot tilsette.

Til samanlikning var det registrert 99 truslar om drap og 216 truslar om vald hittil per august 2022.

Gjennom prosjektet Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar er det etablert eit nytt kunnskapsgrunnlag. Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområder som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidarar. Rapporten blei lagt fram for styret i Helse Vest i juni -23.

Hittil per august 2023 var det klassifisert 14 956 pasientrelaterte hendingar. Dei fleste er fordelt mellom 3 172 diagnostikk/utgreiing, 2 820 behandling/pleie, 2 123 legemiddel og 1 473 blod, celler, vev og organ.

Økonomi

Resultatet for føretaksgruppa for august er positivt med 30,5 mill. kroner, noko som gir eit negativt budsjettavvik på 18,3 mill. kroner. Akkumulert per august er resultatet 84,4 mill. kroner. Dette er 325,6 mill. kroner dårlegare enn budsjett.

Resultatene per foretak er som følgjer:

	August			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	2 740	11 667	-8 927	-22 231	93 333	-115 564
Helse Fonna	-15 852	0	-15 852	-134 509	0	-134 509
Helse Bergen	-6 424	0	-6 424	-216 882	-0	-216 882
Helse Førde	-7 326	1 667	-8 993	-6 876	13 333	-20 209
Sjukehusapoteka VEST	4 182	1 695	2 487	-7 381	7 648	-15 029
Helse Vest IKT	6 914	4 151	2 763	9 101	22 234	-13 133
Helse Vest Morselskap	46 231	29 544	16 687	463 139	273 396	189 743
Til saman	30 465	48 723	-18 259	84 361	409 945	-325 584

Alle tal i heile tusen

Resultatet for Helse Stavanger er for august månad positivt, men budsjettavviket er negativt med nær 9 mill. kroner. Avvika i august er lik det føretaket har hatt tidlegare månadar, og grunnane er dei same med noko låg ISF-inntekt og høge kostnadar til løn- og personal. Bruk av kompensasjonsvakter for sommaren og variabel løn er hovudforklaringa til dei høge lønskostnadane denne månaden. Varekostnad er om lag som budsjettert, noko som kan skuldast at varer blei handla inn før sommaren og at det i august er blitt brukt frå lageret frå juni og juli.

Helse Stavanger har set i verk ei tiltakspakke med eit totalt estimert innsparing på 58,4 mill. kroner for 2023. Til no i år er effekten omlag 20,2 mill. kroner. Dei største tiltaka er blant anna:

- Redusere analyseberedskap tilknytt covid-19 til 1% på avdeling for medisinsk mikrobiologi
- Resirkulering av mtu – BHM
- Tilpassing drift kvinneklinikken ved å bruke fødselsestimater systematisk
- Operasjonsflytprosjektet SOP
- Flytte akuttpoliklinikk inn i ordinær vaktplan - vil redusere akuttpol tillegget
- Redusere innleige frå vikarbyrå på røntgen leger

Helse Fonna har eit negativt resultat i august måned, og med null i budsjett, gir dette eit negativt budsjettavvik, som er mindre negativt enn førre måned. Avviket kjem i hovudsak av kostnader over budsjett på løn- og personal, og er relatert til overtid/variable tillegg og vikarar samt innleige frå vikarbyrå. Inntektene og dei pasientrelaterte inntektene har eit positivt avvik, medan varekostnadar og helsetenester har eit negativt avvik.

Føretaket har sidan mars 2022 arbeidd med tiltak for å redusere styringsfarten. Dessa tiltaka har hatt som hovudmål å auke aktivitet, avvikle ekstra lønsavtalar som til dømes «koronaavtalen» og redusere månadsverk (ekstra bemanning som følgje av Covid-19). Tiltaka med størst venta økonomisk effekt er:

- Reduksjon innleige frå byrå
- Avvikle «Covid-19 bemanning»
- Gjennomgang av koding/DRG
- Sikre optimal aktivitet på dagkirurgi
- Nytte ledig kapasitet på Stord og Odde

Tiltakslista er estimert til å gi ei innsparing på 109,2 mill. kroner i 2023, og per august er innspart beløp 82 mill. kroner. Føretaket rapporterer at ei kontinuerleg utvikling innanfor IKT og tilhøyrande organisasjonsutvikling, færre pasientar i sjukehus og medisinsk utvikling vil føre til endring i bruk av pleieressursane til det beste for pasienten. Dette er venta å gi økonomisk effekt. Samordning av ressursar i poliklinikk og døgnbehandling basert på kor pasienten blir behandla vil og vere viktig for å nå dei økonomiske måla i 2023. Det blir og arbeidd kontinuerleg med å redusere sjukefråværet i Helse Fonna. Føretaket held på med prosess for implementering av nye tiltak på fleire sentrale område. Dette blir følgt opp av styret i Helse Fonna i møte den 28.09.23.

Styret i Helse Vest vedtok i styremøtet i juni eit resultatkrav på 150 mill. kroner for Helse Bergen i 2023. Helse Bergen har ikkje fått innarbeidd dette skjerpa resultatkravet i sine månadsbudsjett ved rapporteringa denne månaden og månadsbudsjettet og budsjett hittil i år

er derfor enda 0 i budsjettkolonnene i tabellen ovanfor. Rekneskapen til Helse Bergen er negativt for august månad med 6,4 mill. kroner og gir, med eit budsjett i 0, eit negativt budsjettavvik. Avviket er likevel mykje mindre negativt enn førre månad. Hovudårsakene til det negative avviket er lågare aktivitet og høge kostnadar til løn. Helse Bergen har eit negativt avvik på pasientrelaterte inntekter på om lag 8,5 mill. kroner i august, medan positive avvik på andre inntekter gir driftsinntekter samla eit positivt avvik i august. Løn- og personalkostnadar har eit negativt budsjettavvik i august på om lag 20 mill. kroner, dette avviket er halvert sidan juli månad. Det har til no i år vore høgt sjukefråver som har resultert i høgare kostnadar til vikarar, meirarbeid og overtid. Andre postar med negative avvik i august er pasienttransport og kost lokalar, medan varekostnader og helsetenester og andre driftsutgifter har eit positivt budsjettavvik.

Helse Bergen har i første halvår arbeidd med tiltak og tilpassingar for å betre resultatet. Dei gjeldande tiltaka har ikkje hatt ønska effekt og det blir sett i verk strakstiltak for å styre kostnad og betre resultatet. Dette er særleg tiltak innan lønsområdet. Frå 28. august er følgjande gjeldande:

Tilsetjingsstopp:

- All utlysing skal godkjennast av nivå 2-leiar og først bli lyst ledig etter avklaring med administrerande direktør
- Tilsetjingar skal godkjennast av nivå 2-leiar etter avklaring med administrerande direktør

Dag til dag-styring:

- Dag-til-dag / døgn-til-døgn-styring skal prioriterast innanfor budsjetttrammene i forhold til aktiviteten
- Fokus på å bruke tilgjengeleg kapasitet på tvers av einingar og frå Bemanningssenteret før ein nyttar andre løysingar

Bemanning:

For alle yrkesgrupper skal bemanningsplanar og bemanningsbehov reviderast minimum i forhold til:

- Økonomiske rammer
- Aktivitet
- Endringar i driftsform

Føretaket arbeide med å auke operasjonskapasiteten og redusere tal strykingar. Tiltak frå kirurgisk kapasitet fase 1 (jfr. styresak 27/23 O i Helse Bergen) er sett i verk og aktiviteten er godt over nivået frå 2022. Det blir og arbeidd vidare med tiltak innan pasientflyt og planlegging, oppgåvedeling, digitalisering, prioritering. Føretaket vil innføre meir detaljert og målretta rapportering og oppfølging. Dette gjeld rapportering på nye tiltak, men også på tiltak

ein tidlegare har vore samde om å gjennomføre. Det er sett i gang arbeid med å få på plass rutinar rundt dette.

I samband med budsjett 2024 blir det arbeidd med meir strukturelle tiltak som vil ha effekt på litt lengre sikt, som til dømes vurdering av sengepoststruktur både innan psykisk helsevern, rus og somatikk, gjennomgang av vaktordningar, gjennomgang av støttetjenester, pasientlogistikk samt kartlegging av stabsfunksjonar sentralt og lokalt.

Helse Førde har i august månad eit negativt resultat, som igjen gir eit negativt budsjettavvik. Hovudårsakane er lågare aktivitet enn planlagt som gir lågare inntekter og høgare løns- og personalkostnadar enn budsjettert. Dette er knytt til at kostnadar til fast lønn er høgare enn budsjettert grunna lønsoppgjjer og meirforbruk på overtid, vikarbruk, UTA og andre tillegg. Lågare lønnsrefusjonar enn budsjettert bidreg og til det negative avviket.

Føretaket har løpande oppfølging av tiltak knytt til både prosjekt og drift. Fokuset på føretaket er på tiltak for å handtere utfordringsbiletet, både på kort og lang sikt, og oppfølging av likviditet.

Helse Vest IKT har eit resultat per august på 9,1 mill. kroner, noko som er 13,1 mill. under budsjett. Dette skuldast i hovudsak korrigerings av rekneskapsfeil frå 2022, og auka rentekostnadar på 3 mill. kroner. Det er set i verk tiltak for å redusere kostnadane, mellom anna ved å avlyse årets fellessamling for tilsette, utsette tilsetting av personell som ikkje er direkte knytt til viktige leveransar til føretaka, samt at planlagt bruk av konsulentar til interne prosessar ikkje vil bli gjennomført. Føretaket har estimert at auka rentekostnad vil gi ytterlegare avvik på om lag 2,5 mill. kroner kvar månad resten av året. Det gjer det utfordrande å halde budsjettet, og prognosen er no 11 mill. kroner under budsjett.

Prognosen for føretaksgruppa er som følgjer:

	Prognose	Budsjett
Helse Stavanger	100 000	140 000
Helse Fonna	-90 000	0
Helse Bergen	-200 000	150 000
Helse Førde	-30 000	20 000
Sjukehusapoteka VEST	9 000	9 000
Helse Vest IKT	-4 000	1 000
Helse Vest Morselskap	520 000	350 000
Til saman	305 000	670 000

Helse Bergen har et resultatbudsjett på 150 mill. kroner, men har søkt om å få dette redusert til 0, se eigen sak i styremøtet.

3. Administrerende direktør si vurdering

Den gjennomsnittlige ventetida er forventet å stige i august måned, og for alle fagområda var den på 69 dagar i august, noko som er over målet på 50 dagar. Ventetid for somatikk og psykisk helsevern vaksne (PHV) ligg over måla på henholdsvis 50 og 40 dagar. For psykisk helsevern barn og unge (BUP) var ventetida i august langt over målet på 35 dagar i gjennomsnitt, men talet var likt for 2022. Ventetid for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ligg på 33 dagar i august, noko som er litt over målet på 30 dagar, og ei forbetring frå 2022.

Den høge gjennomsnittlige ventetida er påverka av nokre fagområde som krev særskilt merksemd framover. Det pågår oppfølging knytta til ulike tiltak og kunnskapsbygging i et regionalt samarbeid.

Samla er det ein auke i aktiviteten frå juli, og ein auke i aktivitet i august samanlikna med august 2022 og 2019. Aktivitet for somatikk er høgare enn same tid i 2022, medan aktiviteten for psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge og TSB er aktiviteten lågare for august 2023 enn august 2022.

Resultatet per august er 325,6 mill. kroner dårlegare enn budsjett, men avviket for august måned er noko mindre enn tidlegare i 2023. Hovudavvika ligg først og fremst på løn- og personalkostnader som innleige, overtid og vikarar. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett.

Den tette dialogen mellom Helse Vest RHF og føretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen fortsett. Alle helseføretaka har iverksett ei rekke tiltak, og fleire av føretaka iverksett no ytterlegare tiltak for å få ynskja økonomisk effekt. Styra i helseføretaka følgjer dette tett opp, og det pågår deling av kunnskap og tiltak i møter i regionen.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar